

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Palmesøndag - 29.mars 2015

Preiketekst: Matt 26,6-13

Lesetekst I: Jes 56,6-8

Lesetekst II: Rom 3,21-26

Messias, den salva

To sentrale kapitler

”Jesu lidning og død” står det som overskrift over kapittel 26 og 27 i evangeliet etter Matteus. Og det er det dei to kapitla handlar om. Frå det faktum at overprestane og dei eldste i folket vart samde om å gripa Jesus med list og slå han i hel, Matt 26,4, og like til dei gjekk og sikra grava, både med vakt og med segl på steinen, Matt 27,66. Heile lidingssoga.

Stille før stormen

Det er i påskeveka og like før Menneskesonen skal overgjevast til korsfesting. Då skjer dette som er så vakkert fortalt: Jesus blir salva i Betania. Det er som ei stille oppkøying til den høgrøysta dramatikken som påsken det året var så full av. Kva som skjedde då Jesus vart salva i Betania, fortel Matteus, men også Markus og Johannes har med denne hendinga frå Jesu siste dagar på jord. Matteus og Markus, Mark 14,5, fortel at dette hende heime hjå Simon den spedalske. Johannes fortel at det var i heimen til Marta, Maria og Lasarus, Joh 12,1-2. Kven denne Simon den spedalske var, er ikkje godt å seia. Simon har vore spedalsk, men er no frisk, truleg er han ein av dei som har vorte lækt av Jesus. No har han med glede opna heimen sin for Jesus og følgjet hans. Det er påske og det er festmåltid, det er siste kvelden dei et syra brød før dei går over til usyra brød. Jesus ligg til bords saman med læresveinane. Samtalen går nok rundt det som har hendt dei siste dagane, i Jerusalem og på Oljeberget. Og samtalen går rundt påsken som står for døra. Kva vil dei neste dagane føra med seg? Det ligg spaning og ei uro i lufta, sjølv om det er ro, glede og fellesskap som pregar festen i Simon sitt hus.

Festreise og festmåltid

Dei tek til seg av festmaten, dei samtalar og dei syng. Pilgrimane som kjem til Jerusalem til høgtida syng salmar til festreisene frå den bibelske salmeboka, for eksempel Salme 121 og Salme 134. Det er salmar som uttrykkjer glede over Herrens nærver i tempelet og Herrens store gjerningar i historien. Det er salmar som uttrykkjer glede over at Gud leier sitt folk, og det er salmar som uttrykkjer håp om Messias som Herren skal senda, Salme 132. Og dei syng den mest populære av alle festreisosalmane, Salme 133, om kor godt og vakkert det er når Guds folk er saman i fred og fellesskap.

Det uventa

I dette måltidsfellesskapet med samtale og song, bryt ei kvinne seg inn. Ho ber med seg ei alabastkrukke med dyr salve og banar seg veg fram til Jesus. Matteus og Markus skriv at det var "ei kvinne" - Matt 26,7; Mark 14,3 - som kom med ei alabastkrukke. Johannes gir kvinna namn, Maria, Joh 12,3.

Salven

Alle tre evangelistane fortel at det var ein dyr salve, Markus og Johannes fortel i tillegg at det var ein ekte nardussalve. Den velluktande salven med oljeaktig konsistens var importert frå India og vart brukt som parfyme. Men sidan nardussalven var svært kostbar, var han også ein verdifull gjenstand og eit viktig investeringsprodukt. Salven som kvinna helte over Jesu hovud var med andre ord verdt ein heil formue, kanskje ei heil årslønn.

Alle andre gonger, men ikkje denne kvelden...

Ikkje rart om læresveinane reagerte negativt! Johannes let oss forstå at det var Judas Iskariot som reagerte sterkast, men Matteus seier at læresveinane såg det og vart arge og sa: "Kva skal slik sløsing tena til?" Dei syntest heller at salven kunne seljast og pengane gjevast til dei fattige! Ein god tanke, ein tanke dei etter å ha levd saman med Jesus nokre år, meinte burde vera heilt i Jesu ånd. Ja, alle andre gonger, men ikkje denne kvelden. Jesus let det skje, ikkje berre det, han tek henne i forsvar, han let dei forstå at ho har gjort noko rett og godt ved å hella den dyre nardussalven over hovudet hans. "Dei fattige har de alltid hos dykk, men meg har de ikkje alltid."(v11) Dermed understreka han endå ein gong at timen for oppbrot og avslutning nærma seg. Han hadde sagt det før, det byrja å gå opp for dei, og no var det nær føreståande. "Då ho slo denne salven ut over kroppen min, salva ho meg til gravferda mi."(v12)

Meir enn ei takk

Eg ser for meg at handlinga frå denne kvinna si side var tenkt som ei takkehandling, ei kjærleikshandling. Slik Johannes fortel det, var kvinna Maria, søster til Lasarus, Joh 12,3. Dei tre søskena hadde verkeleg grunn til visa Jesus takksemd! Dei hadde grunn til å visa at dei sette stor pris på Jesus, det han hadde gjort for dei då han vekte opp Lasarus var så stort for dei! Han var verdt ei alabastkrukke med dyr nardussalve! *Men så viser det seg at det ho gjorde, vart ein del av det store påskedramaet.*

Salvinga i GT

I bibelsk tid vart kongar og øvsteprestar salva på denne måten. I 2 Mos 40 les vi at Moses får beskjed om å salva Aron til øvsteprest, også sønene hans skal innviast ved salving. Profeten Samuel salvar David til konge over Israel, 1 Sam 16,12f. Han vert kalla "den salva" = Messias, noko som vart namnet på den framtidige frelsarkongen av Davids ætt som Gud skulle senda folket.

Prest og konge

Jesus bekreftar at kvinna med si gjerning salvar han som Messias. I synagogen i Nasaret hadde Jesus sjølv sitert frå Jesaja: "Herrens Ande er over meg, for han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige," Luk 4,18. Her i Simons hus skjer den konkrete salvinga, ei sentral symbolhandling – og salving til Jesu gravferd. Gjennom døden på korset utfører Jesus si offerteneste som prest - og med si oppstode vinn han fram med siger som konge. Ja, det ho gjorde, vart verkeleg ein del av det store påskedramaet.

Over heile verda

”Overalt i verda der dette evangeliet blir forkynt, skal det ho gjorde, bli fortalt til minne om henne,” seier Jesus. Palmesøndag i år gjev oss høve til å minnast det ho gjorde! Men mest får vi høve til å minnast det Jesus gjorde for oss då han som den salva presten og kongen gjekk lidingsvegen til Golgata og sona vår synd.

NoS 149:

Hosianna! Han er salvet Til å dø for folket sitt.
Han vil bære bånd og lenke, Så hans folk kan
være fritt.

Hosianna! Syng for Jesus! Syng for kongen når
han drar mot sitt kors, ja, mot den trone der hans
makt blir åpenbar.

Alvhild Vassel Eide

Bakgrunn som misjonær i Kamerun, kyrkjelydssekretær i Fjell og redaksjonssekretær i Sambåndet.
Er no misjonskonsulent i Region Bjørgvin, Det Norske Misjonsselskap.

alvhild.vassel.eide@nms.no